



Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1528 - 14/5507

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
10.04.2014

Godkjenning- arealoverføring på Fløksand, GBNR 5/76, 142

Administrativt vedtak. Saknr: 88/2014

Saksutgreiing:

Statens vegvesen, Region Vest har i søknad, registrert 27.03.14, søkt om arealoverføring av ein parsell på om lag 540 m² frå eigedommen gnr. 5 bnr. 76 - tidlegare steintak- til Fylkesvegen gnr. 5 bnr. 142. Parsellen er om lag 6 meter brei i ca 65 m lengde, med mindre spissar langs vegen i begge endar. Restarealet av bnr. 76 på om lag 1640 m² skal tilbakeførast til hovudbruket gnr.5 bnr.3.

Hordaland Fylkeskommune er eigar/ aktuell eigar av begge involverte eigedommane og arealoverføringa vert utført for å sikra areal avsett til veg i framtida. Restarealet av det nedlagte steintaket – gnr. 5 bnr.76 skal etter arealoverføringa skøytast tilbake til avgjevarbruket- gnr.5 bnr.3.

Den omsøkte parsellen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur,- og friluftsområde.) Arealoverføringa medfører ingen endring i faktisk arealbruk og krev ingen dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område. Avgjevande eigedom gnr. 5 bnr. 76 er frådelt til vegføremål ved skylddeling i 1958 og krev difor ikkje løyve etter jordlova.

Ingen naboar er nabovarsla, men SVV har sendt kopi av søknaden om arealoverføring til nabo og kjøpar av restarealet, Arne Haugsvær, samt at dei har informert han på tlf.

Statens vegvesen vil sjølve utføra arbeidet med oppmålingsforretninga jmf avtale om å utføra oppmålingsforretningar mellom Meland kommune og SVV.

Vurdering:

Søknaden om arealoverføring er kurant og kan godkjennast som omsøkt. Arealoverføringa vert gjort for å sikra areal til vegareal før tilbakeføring av steinuttaket (gnr. 5 bnr. 76), som Statens vegvesen ikkje lenger nyttar, til hovudbruket. Gnr. 5 bnr. 76 bør slåast saman med bnr. 3 etter at det er skøytt over.

Statens vegvesen utfører sjølv oppmålingsforretninga og sender over ferdige målingar og dokumentasjon/ protokoll på oppmålingsforretninga og eigedomsmålingar til Meland kommune for matrikkelføring.

Fordeling av gebyr vert gjort i samsvar med avtale mellom SVV og Meland kommune og vedtatt gebyrregulativ for Meland kommune.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 540 m² frå gnr. 5 bnr.76 til gnr. 5 bnr. 142 i samsvar med søknad registrert inn 27.03.2014 og som vist på situasjonskart datert 25.03.2014.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova §28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Mottakere:

Statens Vegvesen Region Vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER